



Noreg treng bonden

A large graphic of a puzzle piece border surrounds the central text. The border consists of numerous light-colored puzzle pieces of various sizes, creating a jagged, three-dimensional effect.

**42.000 bønder frå Agder til Finnmark dannar i dag det puslespelet som er norsk landbruk. For å produsere gode og trygge råvarer til deg er vi avhengige av små og store brikkar. Bøndene våre brukar jorde og beite over heile landet. Det er derfor Noreg ser ut slik det gjer.**



Mathias og  
Mari Snerle

EJELL.  
BONDEN

Bønder har produsert mat på Sygard Snerle i Vågå sidan 1700-talet. No er det vår tur. Den innsatsen som Mari og eg legg ned kvar dag er grunnlaget for alt vi skapar her på garden. Godt lammekjøtt får du når dyra har det godt. Så enkelt er det.

På høgfjellet i Nord-Gudbrandsdalen får sauane næringsrik mat heile beitesesongen. Dyra får tilgang på proteinrike planter og urter, som gir sterke og smakfulle lam. Beitande sauar gir flott utsikt frå riksvegen og held det bratte terrenget ope.

Garden vår vart freda i 1923.

Med unntak av tilpassingar som har vore naudsynte for å kunne drive garden vidare, er dei originale bygningane bevart. Å produsere mat på same tid som vi tar vare på kulturen og gardsarven gir ekstra motivasjon i jobben.

I jobben min som saueklippar blir eg også imponert av kunnskapen og pågangsmotet eg møter hos andre bønder. Det inspirerer meg til å bli ein enno dyktigare matprodusent.



- Nesten to millionar sau og lam blir sleppte på utmarksbeite i Noreg kvar vår. Dei held landskapet ope og bidrar til eit stort biologisk mangfald.
- 60 000 norske hytter kan miste utsikta si fordi landskapet rundt gror att.
- Maten må bli produsert der jorda og beita er. Det er mykje av grunnen til at vi i dag har gardar i storleikar i heile Noreg.

På garden Skei i Sparbu i Nord-Trøndelag blir kalvane flytta til små kalvehytter utanfor fjøset frå dei er nyfødde. Frisk luft og utandørs klima gjer at kalvane blir sunne og sterke.

Friske dyr gir melk og storfekjøt av god kvalitet, og det er avgjerande at råvarene held høg kvalitet for at vi skal kunne leve av gardsdrifta. Vi brukar mykje tid i lag med dyra for å sjå at dei har det bra, og både melkekvaliteten og helsa til dyra blir kontrollert ofte. Ein topp moderne mjølke-robot gir oss endå meir tid til å vere til stades i fjøset.



Gunn Odlaug og  
Oddvar Arne Skei

KVALITETS-  
BONDEN

Kvart år produserer vi mjølk til nesten ein halv million mjølkekartongar. Vi driv eit stort gardsbruk i norsk målestokk, og familien har investert heile framtida i denne verksemda. Vi er tre personar som har fulltidsarbeid på garden. I tillegg bidrar barn og besteforeldre på sine måtar.

- Friske dyr treng ikkje medisin. Noreg har klart lågast antibiotikabruk i matproduksjonen i Europa og vi brukar ikkje GMO eller vekstfremjande hormon.
- Velferda hos norske husdyr er i verdstoppen.
- Det blir investert mellom 4 - 4,5 milliardar kroner i nye fjøs og teknisk utstyr kvart år. Bonden betalar mellom fem og tolv millionar kroner for ein ny driftsbygning.





Anne J. og  
Geir Skuterud

KONSULENT-  
BONDEN

ved å leige ut jorda, men for oss er det eit verdival å drive garden sjølv. Kulturen vi vidarefører til ungane våre, har eigenverdi, og det gir ei god kjensle å vite at vi bidrar til matproduksjonen. Verda vil ha behov for meir mat, og vi må dyrke kvar einaste kvadratmeter som kan bli dyrka.

Det er godt å komme heim til garden Eikeberg på Romerike og byte ut dressen med kjeledress. Å vere bonde på ettermiddagen og i helgene, i tillegg til kontorjobben i Oslo, gir oss meiningsfylte dagar. Å produsere korn er ingen hobby. Vi er profesjonelle i begge yrka våre.

Kornet vi dyrkar og haustar er viktig for den samla norske matproduksjonen. Kornet blir mjøl og fôr til dei husdyra som gir deg mjølk og kjøtt.

Som «konsulentbonde» kunne eg valt ein enklare kvardag



- Berre ein prosent av landarealet i Noreg er eigna til å dyrke korn på. Dei beste kornområda finn vi på Austlandet og rundt Trondheimsfjorden.
- Familiar som hentar meir enn halvparten av inntekta frå andre jobbar enn gardsdrift, er viktige for den samla matproduksjonen. Dei produserer til saman nesten 60 prosent av maten vår.



Del ditt bondebilete med oss på Instagram  
**#norgetrengerbonden**  
Møt fleire av bøndene våre  
**på bondevenn.no**

Norges Bondelag, februar 2015  
Foto: Erik Berg Johansen,  
Mats Olsen og  
Ove Magne Ribsskog